



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 2

FEBRUAR 1976

25. årgang

DET HAR DU GODT AV!

Kroppslig trim, som denne alle nordmenns store sportsvinter minner oss om, har alle godt av. Men problemet er at noen har for mye av det, og andre for lite. Vi, til dømes, har så alt for lite, og lir vondt av det. Latskapen er ein snikande orm.

Åndeleg trim har ingen nok av, og alle for lite av. Åndeleg trim kan vere mangt. Felles for all åndeleg trim er at ein aldri kan gå den lettaste vegen for å nå form eller toppform. Her er latskapen ein enda større faktor enn ved kroppslig trim. Ein må prøvast og lustrast om ein vil ha åndeleg vekst.

Språk og språkbruk — tale — skriftmål, er til dømes eit område som må leggjast inn under åndeleg trim. Språket har med sjelsliv og identitet å gjere. Og på dette området lever vi i ei overfladisk og farleg tid.

Ei anna viktig side som bør underleggjast åndeleg trim er haldninga vår til den personlege moral. Tek vi ikkje til å bli litt frynsete i kantane med krava vi stiller til oss sjøl om ærlegdom og rettfærd? Her treng vi kvar og ein ei våroppussing. Har vi ei høg-reist moralsk haldning, stiller vi krav til våre dagar, er vi med-mennesker?

Og truslivet vårt — er det underlagt åndeleg trim? Vi foreslår at kvar og ein lagar seg ein trimkalender. Der bør stå fast ordning for bibellesning, bønelyste - personar og saker som treng vår stadig påminning for Guds trone —, ei fast ordning for vår gudstenestegang — til dømes minst to gonger for månaden. Eller korleis er det med ansvaret vårt for misjonsforeininga eller vennesamfunnet på bedehuset? Treng ikkje det også litt åndeleg trimoppøring? Hyklari - vil noen kommentere. Nei, langt ifrå. Åndeleg trim er rette vegen bort frå hykleriet! Det har du godt av!

Fastetid og nødhjelp!




Fasta kjem seint i år - først i mars. Men Kirkens Nødhjelp er alt på pletten for å minne oss om ei fastetid med mening. Fasta skal styrkje sjels- og kroppsliv. Her er vår sjanse! Inn i Ordet - ut til medmenneska! Fastebøssene vil bli utlagt i våpenhusa i kyrkjene også i år. Dei kan innleverast ved offera i påsketida. Det vil bli spesialoffer av desse palmesøndag.

Kirkens Nødhjelp er ein organisasjon mot drøstig opplegg. Sjå no berre på den raske millionsatsinga for dei så grenselaust lidande angolaflyktningane i Nord-Portugal. Elles er Kirkens Nødhjelp over alt i verda. I det siste har organisasjonen fått spesiell framgang i Sør-Sudan og Bangladesh. Det er hjelp til sjølhjelp.

Kirkens Nødhjelp kan ein fullt ut ha tillit til. Kyrkje- og misjonskontaktane verda over borgar for det. Minimal administrasjon. Dr. Sigurd Aske, nordmann med røynsle frå alle verdsdelar, er no den kyndige ledar.

Nytt av året er elles at frikyrkjene og dissentarsamfunna i Norge har gått inn i Kirkens Nødhjelp saman med Den norske kyrkje. Dette betyr ei samordning og intensivering av all kyrkjeleg nødhjelp. Og distribusjonsnettet blir enda meir effektivt og mangslungent.





Døpte

Orkdal.

24.12 Else Jorun Liøkel
(Titran k. S.-Frøya)
Frode Morten Svorkmo
(Bø k., Vesterålen)

1. 1. Odd Helge Sveli

25. 1. Jomar Dyndal
Børge Wulhum
Anne Katrine Myren

1. 2. Geir Mjøsund

Orkanger.

18. 1. Elin Guldberg

Orkland

1. 1. Roy Ståle Dolmen
(Innfjordenk.p.)

18. 1. Terje Skjølberg



Vigde

Orkdal

27.12. Bjørn Hallgeir Knudsen og
Elin Marie Brunstad (Vinje K-
Hemne.)



Døde

Orkdal.

1. 1. Ottar Melvold Østby f. 1975
5. 1. Olav Mellingsæter f. 1906
9. 1. Einar Jakobsen f. 1907
10. 1. Thorvald Hestnæs f. 1889

Orkanger.

31.12. Hjørdis Olsen f. 1906
6. 1. Magnhild Carlsen f. 1913

Orkland.

24. 1. Tormod Havik f. 1908

Ungdom i Oppdrag

En av våre store diktere, B. Bjørnson, har sagt: «Hvis de kristne virkelig tror det de sier, så forbauser deres ro meg». I lange tider har dessverre disse ord stått som en dom over mye av den norske kristenhet. Men mange steder i vårt land er de kristne i ferd med å våkne opp til større ansvar. Det er ikke lenger uvanlig å se unge kristne med sin Bibel ute på gatene, kafeene eller på husbesøk for å fortelle det budskap som har forvandlet deres liv.

Ungdom i oppdrag er ikke det man vanligvis kaller en organisasjon, men en gruppe unge kristne som ønsker å gi et halvt år eller mer til fulltidsarbeid i Guds rike. I samarbeid med den lokale menighet eller med organisasjoner vinker vi i kortere eller lengre tid på et sted, først og fremst for å støtte det kristne arbeid som allerede drives. Vårt virkefelt er innenfor Den Norske Kirke. I sentrum av oppmerksomheten står opplæring av unge kristne og evangelisering. Vi

tror at enhver kristen er kalt til på en eller annen måte å være på offensiven og misjonerende.

For tiden er et team på 5 stk. stasjonert på Eintrøa i Ingdalen, og vil drive virksomhet her i distriktet. Mellom annet vil vi i Orkdalen gå på husbesøk og selge kristen litteratur. Vi prøver å presentere dette som et alternativ til alle de nedbrytende kreftene på denne sektoren. Av egen erfaring vet vi hvor mye en god kristen bok kan bety som oppmuntring og utfordring. Det er vårt håp at det vi gjør her i distriktet vil være til hjelp og støtte for menigheten.

Tilråding.

Vi takker for innlegget fra Eintrøa, og tilrår folk ta godt imot ungdomne. Dei er i godt oppdrag. Vi trur Orkdalsmenighetene kan få gode impulser frå Ungdom i Oppdrag. La dei få presentere seg på bedehusa, i foreiningane og på andre grendamøter.

Orkdal menighetsblad for 25 år sidan

Peder Berge (Orkdaling og sokneprest i Eiker) skriv: «Prestane held seg kanskje for mykje for seg sjølv, og for mange kristne er det liksom gudstenesta i Herrens hus er noko som ikkje vedkjem dei. Det er svært ille dette. Skal tru det kjem av at folket har vaksne frå Guds ord? Ja, dei trur nok det mange, men i røynda er dei som dauve og blinde og gløymer at dei har ei udøyande sjel. Dei har gløymt den lærdomen dei burde ha fått i dei harde år.

Det har høvt seg slik at eg i tida etter frigjeringa har tala med mange norsk-amerikanarar frå Statane og Canada, som har vore her på vitjing. Dei legg ikkje skjul på at dei har vorte forferda over ymse ting som dei har sett og røynt her i landet. Dei

kan ikkje forstå kva vi nordmenn tenkjer på, seier dei. Mellom anna har dei merka seg den ringe kyrkje-søknaden her i landet. Slik er det t.d. ikkje i USA eller Canada. Kyrkjene er fulle til trengsel både av gamle og unge kvar gong det er gudsteneste, ja, dei lyt stå i kø for å kome inn! Og prestane trur eg ikkje jamnt over er ringare her enn der. Og radioen, som gjev mange påskot til å halde seg borte frå gudstenesta, har dei sjølv sagt der og. Dette viser at det ikkje er dollaren amerikanarane bryr seg om.

Korleis er det her? Det ser ut for at det berre er ein ting som er heilag, og det er «levestandarden». Men dei

Framh. s. 6.

TRELAST BYGGEVARER

Til reparasjoner og nybygg er stedet for en god handel.

ORKDAL SAG OG HØVLERI

Tlf. 074. 82265. 7320 Fannrem

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Anny Bonde.

Reidar Halgunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Menighetsbladet

Peder Berge skriv også: «I 10 år har vi hatt menighetsblad som no har sitt eige prenteverk og settemaskin. Den residerande kapellan er ekspert i slikt både redigerar og prentar bladet for det meste sjølv». I 25 år etter har no Orkdal menighetsblad sitt eige prenteverk (saman med noen andre blad). Dei siste private aksjeane blir no overtatt av blada, slik at all privateige kjem bort. Det er 5 fullt tilsette ved Svorkmo Prenteverk A/S. Vi må seie at barnet Peder Berge ønskte til lykke med fødselen har teke bra etter på dei 25 åra.

Overtakinga av Svorkmo Prenteverk har vore ei dristig satsing. Og det har ikkje skjedd utan alvorleg innsats frå fleire hald. Mellom anna har dei tilsette gitt sitt beste i opplegg, styring og dagleg arbeid.

Men vi trur satsinga har vore rett. Noen har klagt på at menighetsbladet driv konkurranse med andre trykkeri. Men vi kan ikkje skjønne det har vore urett å prøve ta vare på det eldste trykkeriet bygda har. Det er da her den ærerike orkdalstypografen hadde si vogge. Vidare har vi med vårt opplegg redda 5-6 arbeidsplassar i ein utkant av kommunen. Det ville vere som å ta hjertet bort frå Plassen på Svorkmo om Prenteverket blei nedlagt.

Men vi har planar om meir. Vi trur Orkdal menighetsblad skal gå enda bedre tider imøte. Bladet ville sjølv sagt leve om Prenteverket blei nedlagt. Men vi trur begge har godt av ei felles framtid.

Uvær og snø må kanskje vi også skrive om. Men i denne omgang for å gi vår honnør til brudeparet Ildri Sæterbakk og Jostein Skjetne som i romjula måtte ta beina fatt i fullt brudeutstyr over eit snø- og jordras i så stort sig at til og med bulldosarar og gravemaskinar ikkje vågde seg borti. Dei kom ein halvtime for seint til Orklandskyrkja. Men du verda for tapper innsats. Det må bli noe godt og stort utav det som fekk ein så strabasios start.

Kallskapellanstillinga er utlyst for «hundranda gong» med søknadsfrist 23.2. Andre ledige stillingar i Trøndelag er Ørland soknekall og Nedre Stjørdal res.kap. Hemne soknekall har endeleg fått søkjar — pastor Bjørn Sverre Kolshus.

Ten Sing Orkanger har fått ny dirigent i Gabriel Eikli. Vi takkar dr. Ottar Hope for fin innsats. Vi ventar og trur at agronom Eikli med sitt krevjande fornamn både i bibelsk og misjonshistorisk og orkdalsk samanheng vil føre den «mjuke» tradisjonen vidare.

Barnekor og blokkfløyteorkester er nyskapningar i Orkland sokn på nyåret, med Steinar Jakobsen som dirigent. Barnekolet fekk ved starten omlag 30 medlemar, og blokkfløyteorkestret omlag 15. Dette er gode tiltak som vil skal få høyre meir til etterkvart.

Orkland mannskor var med på ei svært gjevande kveldsgudsteneste i Orkanger kyrkje. Det undra oss at ikkje fleire song- og musikkinteresserte frå Orkanger var møtt fram. Det var noe av det beste vi har opplevt på lange tider. Orkland mannskor er i storform for tida, forkynninga er maksimal. Koret er ei kjerne i menighetsarbeidet.

Styret for Orkdal kr. skolelag er dette halvåret Øystein Flø, Olav Dahle, Per Olav Foseide, Kari Grande, Kari Wormdal og Kaj Inge Meland. Formann er rindalingen Øystein Flø. Laget som har 60-70 innskrivne medlemar markerer seg sterkt i skolemiljøet på gymnaset, eller Orkdal vidaregåande skole, som det no så moderne heiter.



Geitastrand minnefond er vedteke stifta. Det vil seie at alle 4 sokna i prestegjeldet no har minnefond som kan brukast ved kondolansehelsingar, ved gravferder istaden for blomster og kransar. Som før sagt, synest vi desse fonda er gode alternativ.

Eldres hyggetime blir det igjen på Svorkmo misjonshus onsdag 11. febr. kl. 11. Frammøtet ligg mellom 20-30 på desse hyggesamværa, og vi har det verkeleg koseleg saman. Kvinnene er i fleirtal, men mansrepresentasjonen aukar no raskt. Dette er Øverbygda si pensjonistforening.

Gunhild Bjørkhaug er framleis i full drift som «eittåring» i Orkland både i barnarbeidet og i eldreomsorg. Ho skal halde fram til ut juni månad. Vi har vore så heldige å få arvtakar til henne frå hausten i Jorid Oppsal frå

SØNDAG ER KIRKEDAG

Vinjeøra, ei ikkje heilt ukjent dame ved Follo gymnas. Vi skulle gjerne sett at fleire vår villige til ei slik teneste. På Orkanger ligg forholda til rette for det berre vi får folk. På Fannrem er det minst like stort behov. Finst det fleire som kunne tenkt seg eit interessant år i menighets-teneste, så vil vi gjerne høyre frå dei.

Orkanger menighetshus er ikkje lagt på is, om noen skulle kome til å tru det. Bak kulissene blir det arbeidd intenst med å kome fram til ei løysing. Huset vil kome, og det er full grunn til å gi det støtte. Eit godt prosjekt for dei som har pengar til overs på Orkanger. Kasserar er kjøpmann Harald Hukkelås.

Økonomien til menighetsbladet er bra. Men vi ønskjer gjerne at alle som set pris på bladet betalar oss litt. Vi har bruk for det.

SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

John
ROHME

7300 Orkanger

Alt i glassarbeid utføres
Bliruteservice

Orkdal
Glassindustri

Willy Haugen
Tlf. 80 290

Orkanger.

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)
Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer
stengt.

— Jeg tviler ikke på at det en gang i fremtiden vil gå med røykingen som med spyttbakken. Det er jo først i de senere årene at sigarettrokingens helseskadelige virkninger er blitt allmindelig akseptert. Vi kan vel ikke vente større resultater enn vi har oppnådd på så kort tid. Antall daglig-røkere er nå tydelig for nedadgående både blant kvinner og menn.

Professor dr. med.
Haakon Natvig

SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

GÅVER til bladet

Orkdal

Erling L. Solem 30. Iver Vattengård 30. Erling Slupphaug 10. Dordi Kvernød 10. Inger Kvam 10. Olga Skarholt 10. Klara Walstad 10. Arne Fagerli 15. Annette Hansen 20. Kåre Sletvold 20. John O. Forvemo 20. A. og G. Dombuhaug 10. Karen Anne Norberg 50. Jon A. Sørli 10. Johanne Berdal 10. Nils Solberg 25. Bent Bentzen 30. Asbj. Hansen 20. Arvid Kringstad 10. Gunda og Johan Rømmesmo 20. Jon Sørli (Ljåmo) 20. Karen Buan 20. Gunvor og Jostein Vuttudal 20. Solveig og Sverre Skjetne 10 Ellinor og P. Nystykket 50. Sivert Fagerholt 20. Sverre Fagerholt 20. Beret Sletvold 10. Karen Svorkmo 10. Anna Skjenald 10. Martin Bjørndal 10. Ola Metli 10. Sofie Garberg 20. Anbjørg og O. Mellingsæter 10. Audny og Tormod Slupphaug 20. Leif M. Dørdal 10. Sigrun Eldevik 15. Lena Warholm 10. Trond Rønning 30. Bernh. Vinterdal 20. Jenny Rise 10. Anne Johanne og Ola Rye 20. O. Lysevold 10. Martin Morken 20. Randi og J. Kvålsvold 20. W. Overå 10. Laurits Aasen 15. Ingemar Fossum 20. Sigrid Troøyen 50. Sigrid Rønning 10. Ola P. Solem 10. Beret Metlid 20. K. Okkenhaug 10. Johanna Solem 20. Jenny Eriksen 20. Dagfinn Dahle 10. Marie og Sverre Gjønnes 20. Marit og Beret Sæterbakk 20. Andr. Koksæter 20. Johan Advending 20. Augusta og Kr. Koksæter 10. Sigrid Skjetne 20. Aslaug Kroken 10. Ole Evjensvold 10. Ingeborg og Per Asphjell 20. Oskar Skjerve 10. Maren og Ingvar Rian 10. Astrid og Ole Elvbakken 20. Beret Johansen 30. Erika og Aage Norge 20. Ingebr. Andøl 10. Marta Andøl 10. Magnhild Tungen 10. Ingeborg Øyum 10. Marta Eggen 20. Lava Mogset 10. Arne Dørdal 20. Jarle Bratli 20. Per Elvbakken 20. Arne Tronvold 10. Martin Hansen 10. Helmer Sletvold 10. Liv og Sigm. Gjelsvik 20. Marta og Helga Morken 25. Trygve Hansen 10. Anne og Samuel Vattengård 20. Eivind Husby 20. Agnes og Håkon Selbekk 20. Karen Mo 20. Odd Wikvald 10. Reidun Liåmo 20. A. og I. Melby 20. Marie Nervik 10. Sigrid og Knut By 20. Erik Solberg 20. Sigfrid og Jørgen Digerås 20. Sigrid Fagerholt 10. Roar Prøsch 20. Kari I. og Oddm. Lund 10. Marit og Erik Storbekken 20. Reidar Sundli 10. Nanna Solem 10. Liv og Lars Vatslag 20. Ranveig F.

Dahl 20. Marit og Johan Solbu 20. Inger og Rolf Sæther 10. Elfrid Skaugen 10. Valborg og Odd Kårmo 20. Jon Skaug 20. Else og Kåre Vik 20. Anna Bakksæter 20. Sofie og Lars Husby 20..

Johannes Ofstad 20. Gunhild og Ovid Johansen 20. Einar Ustad 20. Hilma Kielland 20. Alf Kjønlø 20. Nils Hansen 10. Anders Reitan 20. Bjørn Kvarme 20. Eli Ekli 10. Ingebr. Boksbu 15. Målfrid og Gunnar Forren 20. Agnes Sommervold 10. Ellen og Jarle Sommervold 10. Marie Sommervold 10. Johanne Fandrem 20. Albert Blåsmo 30. Einar Olsen 15. Sig. Alver 20. Beret og Hans Aunemo 20. Ingeborg Grø 20. Knut Eggen 20. Bjørg og Kjell Engløkk 20. M. Sognli 10. Berit Rygh 10. John Hestnes 20. Johs. Eldevik 20. Magnhild og Leif Løftamo 10. Gaarden 15. J. Sæterbakk 20. M.J. Samskott 20. Karen og Lars Gjønnes 20. Astrid og Sivert Konstad 15. Hilda og Johan Knudsen 10. Åse og Kåre Frengstad 20. Bjørg og Erling Storli 10. Aslaug og Hans Hansen 20. Margido Fuglås 20. Ingrid Rindal 20. Gurina Fossum 10. Odd Fossum 20. John Sundli (Aunemo) 10. Ola Hagestrø 20. Gudrun og Peder Sundli 20. Maja og Iver Lefstad 20. Anne Melås 20. Jorid og Helge Syrstad 50. O. M. Krokdal 30. D. Fagerli 10. Serianne Solberg 20. Nelly Sivertsen 20. G. og O. Solhus 20. Ola Einar Vuttudal 10. Johan Gjønnes 100. B. og K.O. Bratlie 20. Aasta og Alfred Oddli 10.

Utenbygds

Anne Gruthaug 10. Marta Husby, Stadsbygd 10. Aase Hagen, Haslum 10. Marie Rø, Nidarvoll 20. Karen Dyndal, Vallersund 10. Marit Opøien, Løkken 10. Edel og Per Guldset, Tr.heim 20. Sivert Haugen, Tynset 20. Valborg Figenschau, Oslo 20. Anne Hovseth, Minneapolis, USA 54 (\$10). Arnt Lund 15. Henry Strømmevold 25. Jorunn Almli, Johan Sødal 20. Sigrid Reitan, Børsa 20. Rich. Skjenald 25. Ingrid Husby Todal, Tr.heim 20. Astrid Duås, Vinjeøra 10. Aashild og Magne Singsdal, Eggkleiva 10. Sølvi og Ragnar Gravdal, Langhus 10. J. O. Stubban, Tr.heim 20. Ragnhild Isdahl, Tr.heim 25. Sunneva Arnkvern, Bruhagen 30. Torvald Hauge, Hellesylt 30. Jenny og K. Bjørndal 30. Ivar Svee 20. Hønnåshagen, Løvenstad 15.

Hjarteleg takk.

De gamle

Herre nå lar du din tjener fare herfra i fred, etter ditt ord, for mine øyne har sett din frelse.
Luk. 2. 29-30.

Gamle Simon har mange år bak seg. Nå er livskvelden kommet og det ligger noe fredfullt og godt over ham. En kan ikke annet enn bli glad i ham. Uvilkårlig kommer ønsket: Gud gi at min livskveld må bli slik. I det fjerde bud har vi grunnloven for menneskelivet og denne lov er hellig:

Hedre far og mor, så det går deg godt og du får leve lenge i landet.

De unge idag holder vel ikke på å glemmer dette bud fra Gud. Gjør de det, så viser det at det er noe galt med oss. Når vi tenker på alt det de gamle har slitt for å skaffe oss mat, klær, hus og en god oppdragelse. Nå sitter de bøyet og utslitt og ikke makter mer. Viser vi dem vår taknemlighet for deres livsverk, får de forståelsen av at vi er glad i dem og gjør noe som er med å lyser opp livskvelden for dem? Det skal ikke alltid så mye til for å glede dem.

**DEN
STORE
OG ALL-
MEKTIGE
GUD**

**vil
gjerne
utrette
store
ting -
OGSÅ
I DITT LIV!**

MB



Orklandkyrkja ruvar her. Bildet kjem frå Grand Forks i USA. Det var Karen Bakken som fann det hos slektninger der i sommar. Det var Ole Aspølgrov som postla det 4.1.1912 på Svorkmo til Ingebrigt Holte i Minnesota. Det han har å fortelja frå Orkdal er at han neste dag, 5. jan., skal av og sjå på tråvkøyning. «Orkdalingan fornekt se itj». Bildet syner

mange endringar i bubildet, men kyrkja står der trygt og lik seg før som no. Berre trea er blitt så mye større.

Fleire orkdalingar var over dammen i jubileumsåret. Og dei seier truleg med Karen Bakken: «Det var fint i Amerika, men i Orkdal e det finar». Ute godt, men heime best. Og ho påstår det ikkje er sjølskryt.

De gamle har serskilte vansker.

Det at de er utslitt i livets strid og ikke makter å arbeide som før, det gjør det tungt. Vi har en trang i oss til å vil hevde oss i livet, når vi ikke makter det kommer følelsen av at vi er til overs og til byrde. Bibelen kaller alderdommen for de onde dage og det er nok sant. Mange sitter med spørsmålet: Hvorfor skal jeg være her lenger når jeg bare er til byrde? Kanskje du tenker slik, men husk at fra før du ble født har Gud fastsatt din levetid og han har en plan og et mål med livet ditt.

De gamle har store oppgaver.

Vårt land og vår slekt var fattige uten de gamle. Nå sitter de med den gamle Bibelboken sin og folder hendene og ber til Gud for dem som vokser opp omkring seg. Ingen av oss forstår verdien av dette for slekter som kommer. Kjære gamle venn, du er ikke i veien, du er ikke til byrde. Vi trenger deg iblant oss både for vår egen og barnas del. Du er med og drar Guds velsignelse ned over oss. Barna vet at du ber for dem og det legger noe fra Gud ned i deres sinn

som blir et vern for dem i livet. Så er det kanskje noen av dere som ikke har fått det i orden med sitt forhold til Gud. Jesus sier i Matt. 11, 28: Kom til meg alle som strever og har tungt å bære, og jeg vil gi dere hvile.» Han tok bort din syndebyrde da han døde for deg på korset. Prøv å tro det så skal du også få si med gamle Simon: «Herre nå lar du din tjener fare herfra i fred etter ditt ord, for mine øyne har sett din frelse».

Andreas Konstad

Pastor Torvald Øberg

— tidligere generalsekretær i Indremisjonsselskapet — blir hovedtaler under Trøndelag Indremisjonskrets's vintermøte 28. - 29. febr. og kvinne-stevne 1. mars i år, begge deler i Salem. Han er en kjent forkynner og vel verdt å høre. Musikksekretær Leonard Gudmundsen og en rekke sangkrefter, bl.a. fra Bakketun og Fredly folkkehøgskoler, deltar også på vintermøtet.

H.G.

„Løft dykkar hjarte til Herren“!

Når presten messar «Løft dykkar hjarte til Herren», har mitt hjarte alt løft seg til Herren ved tanken på at eg enda ein gong skal få vere med ved den heilage nattverden.

«Den største høgtid her på jord er den eg held ved Herrens bord, der Jesus bed meg til sin gjest, for der eg er hans hjarte næst».

Alle gjer vi oss mange slag tankar om nattverden. Først vil vi gjerne skjønna det som skjer. Dinest vil vi gjerne få oppleve noko, få ei særskild følbar signing.

Men både det eine og det andre må vi legge frå oss når vi går fram og legg oss på kne ved altarringen. Vi er så fattige i ånden at vi har ingenting å kreve. Vi kjem med tomme hender, og Herren tar imot oss. Vi kjem på hans ord, og veit at alt er av nåde. Vi gir oss i Herrens hender, og der er vi trygge. Han tar imot oss slik vi er.

«Så kjem eg til ditt altar her, endå eg sjølv uverdigg er.
A Jesus gjer meg verdigg du, så hit eg kjem med hjartans tru!»

Vi kjem som syndarar som treng nåde, og som bed om nåde. Det er **trua** vår.

Vi kjem avdi Jesus har sagt det så klårt: Gjer dette til minne om meg! Så viser vi frå oss alle innvendingar frå sjelefienden og vår syndige natur. Jesu innbyding: «Gjer dette!» kan bare få eitt svar: «Så kjem eg Jesus, på ditt ord!»

Da blir det slik for ein Jesus-disippel at han ikkje kan vere til stades ved ei «full høgmesse» utan å finne plassen sin ved alterbordet.

Skjærtorsdagskvelden då Jesus «vigde inn den himmelmat», som Blix uttrykker det i nattverdssalmen sin, sa han også andre ord som har ei dragande makt på den som gøymer Jesus siste ord i hug og hjerte. Han sa: «Eg har hjarteleg lengta etter å ete dette påskemåltidet med dykk før eg lid». Den opphøgde Herren vår er den same i dag. Han har framleis same

lengt etter å ha inderleg samfunn med botferdige syndarar.

Til slutt eit par ord om ei oppleving eg alltid kan få ved altargangen min. Her blir ordet om syndsforlating levande og konkret for ein kristen. Her er den einaste plassen i vårt gudstenesteliv at eg blir tilsagd heil og full forlating for syndene mine. Det er ikkje noko mindre som skjer, når presten til slutt proklamerer: «Den korsfeste og oppstandne Jesus Kristus har nå gjeve dykk sin heilage lekam og sitt dyre blod som han har sona alle dykkar synder med - -»

Han har sona fullt og heilt, han «har gjort fyllest», og syndaren kan gå rettferdiggjord heim.

Og dersom du er blitt glad i nr. 709, nattverdssalmen til Blix, så kan du nynne på dette verset:

«Når så eg til ditt altar gjeng,
så finn eg alt det hjarta treng:
Eg finn mi synd av nåde sont
og råd for alt som gjer meg
vondt».

agn

I Røldal kyrkje

Ferda mi bar framom Røldalskyrkja. Vakna så brått ein trong: Stige som pilgrim inn kyrkjedøra — det vere for første gong.

Drygde eg der framfor altarringen gløynde dei andre kring. Bad eg for mine dei kjære alle og endå for all den ting.

Ferda og erendet mitt og livet, slik som ein pilgrim står eismal og fattig i heilagdomen vigd gjennom hundre av år.

Minnest eg ætt og nyfodd renning. Kanskje det siste best.

Her under grådime kyrkjekvelven taldest meg gledene flest.

Her under halvskume kyrkjekvelven dimdest så mangt som skein. Sælast den som når synd er sanna kjenner seg løyst og rein.

Streifa vel tanken den siste ferda. — Måtte eit altarskin spreide skuggane kringom foten og lyse på vegen min.

Ingebjerg Kasin Sandsdalen



Vår neste

På første sida har vi gjengitt symbolet for Kirkens Nødhjelp. Dua og hendene, tegnet for rett kristen diakoni.

Her gjengir vi barn som er vår neste. Det er våre barn. Vår bror og søster i den lidande verda. Dei snakkar så mye om endringar i det økonomiske system på statsplan og nasjonane i mellom. Det kan dei gjerne snakke meir om. Men det viktige for oss no er vår personlege fordeling. Er vi i vårt indre liv så gjennomkrystna at vi i vårt ytre liv kan dele med dei som lite og ingenting har. Er vi som presten og levitten som gjekk forbi den skamslegne, eller er vi som den miskunnsame samaritan som ofra tid og pengar for han som leid?

Vår kristne tru skal målast på dette. La det bli ei fastetid med fastebøsser i bruk.

Framh. frå s. 2.

gløymer at til levestandarden høyrer og Guds ord og dei evige livssanningar.

«Det folk som fregt vil vera og vinna lukka lang, det høgt Guds ord må bera som ljuset på sin gang».

Offerkvitteringar 1975

Det Norske Misjonsselskap
Orkland 2.294, Orkdal 5.209
Orkanger 1.345, Geitastrand 486
Tils. 9.334 (9.603)

Den norske santalmisjon
Orkland 460, Orkdal 2.309
Orkanger 332, Geitastrand 363
Tils. 3.464 (1.853)

Norsk luthersk misjonssamband
Orkland 900, Orkdal 3.754
Tils. 4.654 (2.424)

Den norske Israelmisjon
Orkdal 715, Orkanger 443
Tils. 1.158 (745)

Bibelmisjonen (D.N. Bibelselskap)
Orkland 290, Orkdal 391
Orkanger 225, Geitastrand 1.657
Tils. 2.563 (2.583)

Misjon bak Jernteppet
Orkland 685 (0)

Muhammedanarmisjonen
Orkland 356 (0)

Kirkens Nødhjelp
Orkland 2.814, Orkdal 3.765
Orkanger 2.317, Geitastrand 1.729
Tils. 10.625 (8.251)

Indremisjonsselskapet
Orkland 842, Orkdal 1.334
Orkanger 303, Geitastrand 200
Tils. 2.679 (1.047)

Norsk søndagsskoleforbund
Orkland 289, Orkdal 626
Geitastrand 305
Tils. 1.220 (2.116)

Samemisjonen
Orkdal 734, Geitastrand 208
Tils. 942 (733)

Den norske sjømannsmisjon
Orkland 380, Orkdal 1.696
Orkanger 1.048, Geitastrand 276
Tils. 3.400 (1.215)

Menighetsfakultetet
Geitastrand 335 (1.311)

Kristne arb. forbund
Orkdal 600 (534)

Barnevernsinstituttet / Trondheim
Orkland 501, Orkdal 1.197
Geitastrand 233
Tils. 1.931 (1.705)

Institutt for kristen oppseding (IKO)
Orkland 425, Orkdal 620
Orkanger 224
Tils. 1.269 (646)

Orkdal kr. skolelag
Orkland 190, Orkdal 635
Orkanger 656
Tils. 1.481 (1.553)

Søvasskjølen Fjellkirke
Orkland 1000, Orkdal 1114
Orkanger 530, Geitastrand 324
Tils. 3.068 (1.259)

Lokalt menighetsarbeid
Orkland 4.269, Orkdal 3.109
Orkanger 1.894, Geitastrand 976
Tils. 10.248 (9.161)

Orkanger menighetshus
Orkanger 310 (387)

Søndagsskolen
Orkanger 365 (-)

Svorkmo KFUM / K
Orkland 555 (670)

Prostirådet
Orkland 930 (-)

Orkanger bl. kor
Orkland 475, Orkanger 471
Tils. 946 (508)

Offer i alt:

Orkland 16.656 (13.596)
Orkdal 27.809 (30.224)
Orkanger 10.464 (6.946)
Geitastrand 7.092 (6.857)
For prestegjeldet 62.021 (57.623)

Indianarar på krigsfot

Indianarar på krigsfot mot gode orkdalingar. Ja, det skreiv Olaf Havdal om i artikkelserien sin i ST om «Utvandringen fra Orkdal 1850-1914». No har Havdal sendt oss eit særtrykk av dette. Dette særtrykket kunne gjerne ha stått i alle orkdalsheimar. Det er eit svært viktig bidrag til Orkdalshistoria. Ikkje minst burde alle skolane ha klassesett av det. Både tekst og bilder måtte vere eit funn til å skape levande lokalhistorieundervisning.

Den første som Havdal veit om drog var Kristian Fossum i 1857. Toppen blei nådd i åttiåra. Så blei det eit lite rykk igjen frå år 1900 til det stilna av mot verdskrigen. I alt omkring 2400 orkdalingar fann vegen over blåmyra. Namnelista over alle som ein veit om er med i særtrykket.

Om den arbeidssame prost Olaf Havdal har tid for nye granskingar, vil vi tilrå han skrive om utflytte Orkdalingar til Nord-Norge på 1800-talet. Det ville vere eit tiltak som

Kyrkjestatistikk for 1975

Tala i () gjeld 1974	
Gudstenester	168 (164)
Møter v/prest og sekr.	372 (377)
Off. styremøter	74 (56)
Sjuke- og sjelesorgbesøk	572 (723)
Andakt på aldersheim	
+ sjukehus	134 (129)
Skolebesøk	29 (30)
Fødte	124 (148)
Døpte	126 (158)
Konfirmerte	148 (141)
Vigsler i kyrkja	55 (78)
Nattverdgjester	1646 (1616)
Døde/jordfeste	116 (137)

ville skape glede og kontakt både nordpå og her. Vi traff mange m.a. i Nord-Troms som lurte på sine slektsanar i Trøndelag. Der støyte vi på namn som Syrstad, Hårstad og Moxnes. Eller Grefstad i Aust-Finnmark. Og det finst mange fleire.

Vi ventar altså på ein ny artikkelserie frå Havdal.

Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir
Skolemateriell

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

80 år i bygdas teneste

Moderne butikkk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo
Handelsamlag

Orkladal felleslag av N.L. Misjons samband

Plan for virksomheten i vårterminen 1976:

18. - 22 / 2 Børse v/ Dagny Drivstuen
23 - 28 / 3. Svorkmo v/ Ole Bedin
30 / 3 - 4 / 4. Løkken v/ Ole Bedin
6 - 11 / 4 Fannrem v/ Ole Bedin
13 - 14 / 4 Til disposisjon
15 / 4. (Skjærtorsdag) Svorkmo, på-
skemøte v/ Ole Bedin
16 / 4. (Langfredag) Fannrem påske-
møte v/ Ole Bedin
18 - 19 / 4 (1. 2. Påskedag) Krog-
stadøra påskemøte v/ Ole
Bedin
21 - 25 / 4 Lomundal v/ Ole Bedin
27 / 4 - 2 / 5 Svorkmo v/ Ole Bedin
9 / 5 Meldal fest
16 / 5 Geitastrand fest
23 / 5 Orkanger fest
30 / 5 Børse fest

Eventuelle forandringer av planen
ber en om blir varslet sekretæren
snaest mulig.

Med brorshilsen
Arne Høvik, form.
Arnt Gangås, sekr.

Norsk kvinne er bibelomsetjar

for stammefolk i Afrika

Frøydis Nordbustad heiter ho og
var Afrika-misjonær i mange år før
ho fekk ei stor og krevjande oppgåve:
å omsetja Bibelen for eit stammefolk
i Tanzania, eit folk som ikkje hadde
bibelordet omsett til sitt eige mors-
mål.

Nå er Det nye testamentet ferdig

JESUS
i Ditt navn er
seieren gitt
over alt som
tynger meg

MB

Bibeldagen 1976

Kvifor skal dei kristne vera så
usams?

Det er ikkje uvanleg at folk spør
slik, og kan hende har dei grunn til
det. Då kan det vera rett å peika på
at semje trass i alt er meir typisk enn
usemje. Noko sers vesentleg er det
heil semje om: **Bibelen er det sams
grunnlaget for oss.**

Dette vert kvart år understreka ved
at kristne i alle læger samlast om
BIBELDAGEN. Den 22. febr. — «så-
mannssøndagen» — vil ein markera
Bibeldagen 76 i kyrkje og forsam-
lingshus, og to viktige påminningar
vil den gje:

— å gjera Bibelen kjend og kjær
for det norske folk,

— å hjelpa til så Guds ord vert
spreidd i vårt eige og i framande
land.

Mottoet for Bibeldagen 76 er:
«Godt nytt for nye lesarar.»

Misjonsprosjektet for Bibeldagen
76 er:

**Nytestamentet for fyrste gongen til
afrikanske folk.**

Bibeldagen har ein appell til alle
som kjenner ansvar for Bibeldagen
sin veg til menneskja nær og fjern!

omsett til iraqw, og Frøydis Nordbu-
stad fortener å kjenna ei djup lette.
For det har vore ein vanskeleg jobb. I
over ti år har ho saman med afri-
kanske medarbeidarar bala for å
finna dei rette orda og forma dei
rette setningane. Då ho tok til, var
i røynda korkje ordbok eller gram-
matikk på iraqw, ja, iraqw var ikkje
for skriftspråk å rekna.

Ei sers glede for den norske om-
setjaren var det at det fyrste nytesta-
mentet på iraqw vert produsert i
Noreg. I iraqw-folkets eige land er det
 dårleg stelt med prenteverk, og så
tok Det Norske Bibelselskap på seg
oppgåva å gje ut omsetjinga i bok-
form.

Slikt kostar pengar. Men vi i Noreg
har råd til å hjelpa eit fattig stamme-
folk i Afrika til å få Guds ord på
morsmålet deira. Ved Bibeldagen 76
har kyrkjelyder og bibelvener høve til
å fullføra det verket Frøydis Nordbu-
stad har arbeid med i åretal. Bibel-
dags-gåva skal syta for at iraqw-
testamentet vert trykt, så eit stamme-



GUDSTJENESTER

8 / 2 5 s. i Kr. Apenberring

Orkanger. Eidhamar
Offer til Søvasskjølen fjellkirke.
Grendstuggu By. Rogstad.

15 / 2 s. septuagesima

Orkdal. Rogstad. Nattverd
Orkland. Eidhamar. Offer til Misjon
bak Jernteppet.

22 / 2 s. seksagesima

Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v/ Rogstad
Geitastrand k. kl. 11
Hømesse v/ Eidhamar.
Buss frå Husdalen.

Orkland kl. 19:

Speidargudstj. / Tenkedagen

29. / 2 Fastelagssøndag

Orkdal k. kl. 11.
Høgmesse v/ Rogstad og Sverre
Røvik.

7. / 3 Orkland k. kl. 11 1. s. i faste.
Høgmesse v/ Dag Smemo. Nattverd
Offer til NKf

Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v/ Olav Olsen. Nattverd.
Offer til menighetsarbeidet.

14 / 3 Orkdal kl. 11 2. s. i faste
Høgmesse v/ Kure og Rogstad.
Offer til Bibelselskapet.

Kjørmoen kl. 11.
Gudstj.møte v/ Eidhamar

folk som har vore utan Bibelen,
endeleg skal få den boka dei har
venta på.